

List of Signatures

Page 1/1



Sunnfjord Miljøverk IKS rekneskap 2023 selskap inkl. konsern.pdf

Name	Method	Signed at
Vie, Alice Hestad	BANKID	2024-06-07 10:21 GMT+02
Gillestad, Grim Erik	BANKID	2024-06-07 09:31 GMT+02
Dalin, Marius Langballe	BANKID	2024-06-04 15:37 GMT+02
Hjelle, Anne Mette	BANKID	2024-05-27 10:34 GMT+02
Dvergdsdal, Tore	BANKID	2024-05-21 08:41 GMT+02
Risnes, Rune	BANKID	2024-06-13 07:42 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE



Selskaps- og konsernrekneskap 2023

Sunnfjord Miljøverk Iks

Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Kontanstrømoppstilling
Revisjonsberetning



Org.nr.: 970 921 915



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

Sunnfjord Miljøverk IKS

Årsmelding 2023

Verksemda si art og kor den vert driven

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord, med omlag 30 000 innbyggjarar til saman. Selskapet skal stå for all tenesteproduksjon som er naudsynt for å levere tenester innan renovasjon, og for tømning av slamavskiljarar for eigarkommunane og deira innbyggjarar. SUM skal løyse oppgåvene på ein best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig måte. Hushald og hytter pliktar å levere avfallet sitt til dei kommunale ordningane. Verksemda kan velje om dei vil nytte kommunale tenestetilbod eller tilbod frå andre aktørar i marknaden. Selskapet driftar seks gjenvinningsstasjonar.

Konsernet består av morselskapet Sunnfjord Miljøverk IKS, og dotterselskapa SumTrans AS (100%) og SUM Næring AS (100%). Sunnfjord Miljøverk IKS og SUM Næring AS er lokalisert på Einestølen, medan SumTrans AS er lokalisert i Flovegen på Øyrane. Sunnfjord Miljøverk IKS har òg administrasjonslokale i Førde sentrum, Elvegården. SumTrans AS utfører transporttenester for morselskapet sin primæraktivitet og for SUM Næring AS. SUM Næring AS står for næringsaktiviteten i konsernet.

Omtale av årsrekneskapa

Driftsinntekter

Driftsinntektene for 2023 er 91,4 mill. kr. for konsernet og 88,1 mill. kr. for morselskapet, mot 80,5 mill. kr i 2022 for konsernet og 77,7 mill. kr. for morselskapet. Det tilsvarar ei auke på 13,5% for konsernet og 13,4% for morselskapet. Auken i inntekter frå 2022 til 2023 skuldast reklassifisering av sjølvkostfonda frå eigenkapital til langsiktig gjeld. Endringa aukar resultatet med 7,0 mill. kr i 2023 og reduserer resultatet med 6,5 mill. kr i 2022. Utover denne ekstraordinære endringa, har det vore noko nedgang i driftsinntekter frå fjoråret. Nedgangen kan i hovudsak forklarast med lågare gebyrinntekter renovasjon som følgje av innføring fleksibel gebyrmodell for eit testområde, nedgang i pris på avfallstypar til materialgjenvinning og reduksjon i vidarefakturerte nedgravne avfallsløysingar. Årlege gebyrinntekter frå renovasjonsabonnentane er 48,1 mill. kr. for 2023 i morselskapet og 51,96 mill. kr for konsernet mot høvesvis 49,0 mill. kr og 52,9 mill. kr i 2022. Inntekter frå slamabonnentane er 9,2 mill. kr i 2023 mot 8,8 mill. kr. i 2022. Inntekter frå renovasjonsabonnent er 0,9 mill. kr lågare enn budsjett, medan inntekter frå slamabonnent er 0,3 mill. kr høgare enn budsjett.

Driftskostnader

Samla driftskostnader for 2023 er 89,6 mill. kr. for konsernet og 86,6 mill. kr. for morselskapet, mot høvesvis 79,6 mill. kr. og 78,3 mill. kr. i 2022. Prisen på avfall til energigjenvinning har auka med 90% frå 2022 til 2023, og tilsvarar ei auke på 2,1 mill. kr. Lønnskostnadene for konsernet har auka med 6,4 mill. kr frå i fjor for konsernet, og 3,4 mill. kr for morselskapet. Innføring av matavfallssortering for hushald har medført auke i kostnader for konsernet i 2023, herunder knytt til handsaming av



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

matavfallet og innkjøp av utstyr (posar). Administrasjonskostnader har auka med 2,1 mill. kr frå i fjor med bakgrunn i organisasjonsutvikling og bemanningsauke.

Driftsresultat

Driftsresultatet for konsernet har eit overskot på 1,8 mill. kr i 2023 mot overskot på 0,9 mill. kr i 2022. Driftsresultatet for morselskapet har eit overskot på 1,4 mill. kr i 2023 mot underskot på 0,6 mill. kr i 2022.

Netto finanskostnader

Netto finanskostnader er 0,83 mill. kr. for konsernet i 2023 mot 0,45 mill. kr i 2022, medan morselskapet har netto finansinntekter på 0,89 mill. kr. i 2023 mot 0,61 mill. kr. i 2022.

Årsresultat

Konsernet sin resultatrekneskap for 2023 er gjort opp med eit resultat før skatt på 1,0 mill. kr. Resultat etter skatt syner eit resultat på 1,0 mill. kr. Morselskapet sin resultatrekneskap for 2023 er gjort opp med eit resultat før skatt på 2,3 mill. kr. Resultat etter skatt for 2023 syner eit resultat på 2,3 mill. kr. mot 0,05 mill. kr i 2022. Resultat etter skatt for 2023 har ei auke på 2,3 mill. kr frå i fjor.

Disponering av overskot

Av morselskapet sitt overskot på 2,3 mill. kr. er 2,3 mill. kr. overført til anna eigenkapital.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga syner negativ kontantstraum i 2023 for konsernet, medan morselskapet hadde positiv kontantstraum. Den likviditetsmessige stillinga ved årsskiftet og gjennom året er tilfredsstillande. Konsernet sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er i 2023 3,9 mill., netto kontantstraum frå investeringsaktiviteten er negativ med 4,0 mill. kr., og netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar er negativ med 4,0 mill. kr. Dette gjev ein samla kontantstraum på -4,0 mill. kr. for konsernet. For morselskapet er det investert i kontorutstyr og utstyr til dunkar/nedgravne løysingar, til saman 0,9 mill. kr, samt kjøpt aksjar i dotterselskap for 0,8 mill. kr. Det er investert i nye bilar inkl. utstyr i dotterselskap for til saman 2,7 mill. kr. Det er seld éin containerbil for 0,4 mill. kr. Netto investering i dotterselskap er 2,3 mill. kr. Morselskapet sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er 6,0 mill. kr. i 2023, netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar er negativ med 1,6 mill. kr. og netto kontantstraum frå finansaktivitetar er negativ med 0,2 mill. kr. Dette gjev ein samla negativ kontantstraum på 4,2 mill. kr. for morselskapet.

Likviditet

Konsernet har ved balansedag likvide midlar på 49,9 mill. kr. Likviditeten vert vurdert som god.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2023 var på 100,3 mill. kr. for konsernet og 83,7 mill. kr. for morselskapet, samanlikna med høvesvis 109,6 mill. kr. og 86,8 mill. kr. året før. Eigenkapitalen er på 61,6 mill. kr. for konsernet og 61,6 mill. kr. for morselskapet. Eigenkapitalandelen per 31.12.2023 er 61,4% for konsernet og 73,6% for morselskapet, mot 55,9% og 68,4% per 31.12.2022.

Samla gjeld utgjer 38,7 mill. kr. for konsernet og 22,1 mill. kr. for morselskapet. Den langsiktige lånegjelda utgjer 15,1 mill. kr. per 31.12.23, mot 26,1 mill. kr. pr 31.12.22 for konsernet. Den langsiktige lånegjelda utgjer 1,8 mill. kr. per 31.12.23, mot 8,8 mill. kr. pr 31.12.22 for morselskapet. Morselskapet har ei låneramme på 50 mill. kr.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

Endring av prinsipp

Presentasjon av sjølvkostfonda har tidlegare vore presentert som annan eigenkapital, og spesifisert i note for eigenkapital. I 2023 er sjølvkostfonda omklassifisert til langsiktig gjeld, som følgje av at det er ei forplikting ovanfor innbyggjarane i eigarkommunane. Samanlikningstala er omarbeidd for dette. Effekten av endringa går fram av note for eigenkapital, samt note for sjølvkost.

Utsiktene for konsernet

Styret har vedteke strategiplan for SUM for 2023-2026 som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfalls- og slamhandtering. Styret er opptekne av at selskapet skal gjere avfall til ein ressurs. SUM skal vere ein aktiv og nyskapande aktør som arbeidar saman med lokalsamfunnet, der ein utviklar og tilbyr dei best tilgjengelege berekraftige løysingane.

Styret føl utviklinga i bransjen og gjeldande rammelovgjevna tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Fokuset skal sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv. Dei viktigaste tiltaka for å sikre utviklinga i konsernet er å digitalisere løysingane vi nyttar i dag, kome i møte med krav frå myndighetene, utbetre kvalitetssystema våre og elektrifisere maskinparken i større grad. Ein har i 2023 innført innsamlingsløysing for matavfall i alle eigarkommunane. Det vidare arbeidet er å digitalisere renovasjonsløysingane, herunder merking av alle renovasjonsdunkar med RFID-brikker og etablere digitale tilgangskontrollar på nedgravne løysingar. Merking av dunkane vil vere ferdig i løpet av 2024.

Det vart i 2023 oppretta seks nye stillingar i administrasjonen for å kunne betre kvaliteten på arbeidet og bygge opp organisasjonen for å møte dagens og framtidige krav på ein føremålstenleg måte. Stillingane vil vere viktige for å implementere og kome i møte med vedteke strategi. I 2025 vert det krav om innsamling av tekstilar samt auka krav til utsortering av avfall til materialgjenvinning frå alle fraksjonar.

Som følgje av auka krav til bransjen i åra framover, er det venta at kostnadene vil auke dei neste fem åra. Kostnadsauken vil påverke gebyrstorleiken for abonnentane dei komande år. For verksemdsområda innanfor renovasjon og slam balanserer sjølvkostfonda i løpet av ein femårsperiode for å jamne ut årlege svingingar.

Dotterselskap

Etterspurnaden etter SumTrans AS og SUM Næring AS sine tenester har auka dei siste to åra. Drifta går som normalt i begge selskap, og selskapa evner i det heile å levere dei tenester som er etterspurt. Tilgangen på innsatsfaktorar vert vurdert som god og tilgangen på arbeidskraft vert vurdert som tilstrekkeleg. Selskapa har god likviditet og tilgang på finansiering er tilfredsstillande.

Risiko

SUM arbeidar kontinuerleg med å redusere risiko for ikkje-ønskja hendingar. Det vert årleg utført risikoanalyse knytt til SUM si drift og aktivitetar. Det vert gjennomført kurs, øvingar og samlingar. Det er godt samarbeid med eksterne selskap og ulike tilsynsmynde for å førebyggje uønskja hendingar. Det har ikkje førekome uønskja hendingar i 2023. SUM hadde i 2022 tilsyn frå Statsforvaltaren knytt til deponi og anlegget på Einestølen for å sjå til at drifta er i samsvar med løyvet. Tilsynet konkluderte med at det er fleire avvik som må følgjast opp av SUM, mellom anna knytt til internkontrollsystem, handtering av sigevatn, samt handtering av kompleksmetall og CCA-impregnert trevirke. Det vert framleis arbeidd med tiltak for å rette opp i desse avvika. Vidare er det utført branntilsyn i februar



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

2023. Tilsynet konkluderte med at SUM står fram som ei verksemd med gode haldningar til brannvern, med gode rutinar og som arbeidar godt med brannvern.

Strategisk risiko

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til konsernet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammer for avfallshandtering i Norge. Dette famnar både krav til kundeservice, miljø og gjenvinning av energi og materiale, og er nedfelt i visjonen *Sunnfjord Miljøverk skal tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet*.

Marknadsrisiko

Selskapet har som ei følge av lovpålagde renovasjon- og slamtenester med tilhøyrande einerett, liten marknadsrisiko innafor nemnde områder. Deler av konsernaktiviteten er likevel påverka av konjunktursvingingar, strukturendringar og ytre rammevilkår.

Finansiell risiko

Konsernet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane morselskapet har, er plassert i pengemarknaden og i selskap knytt til drifta av selskapet. Morselskapet eig SumTrans AS med ein bokført verdi på kr. 2 255 000 og SUM Næring AS med ein bokført verdi på kr. 550 000. Konsernet sine lån er i norske kroner og det vil ikkje vere nokon alvorlege konsekvensar med endra rentenivå.

Kredittrisikoen på kundar vert sett på som avgrensa, då konsernet ikkje har nokon dominerande kundar. Likviditetsrisikoen vert sett på som svært avgrensa.

Verken morselskapet eller konsernet driv eiga forskning eller utvikling etter den rekneskapsmessige definisjonen. Utviklingsaktivitetane er avgrensa til vidareutvikling av konsernet sine tenester.

Openheitslova

Verksemder som er omfatta av *openheitslova* pliktar både å utføre aksemdsvurderingar, offentleggjere ei utgreiing for desse vurderingane, samt gje informasjon til kvar einiskild som rettar ein skriftleg førespurnad om det. Konsernet er medvitne til kravet og fristane i lova, og arbeidar fortløpande med aksemdsvurderingane. Lovverket som er knytt til openheitslova vart ikkje overhalde for 2022, men konsernet er medvitne til kravet og fristane i lova. Det vil bli publisert ein rapport for 2023 innan fristen 30.06.24 på SUM sine heimesider.

Vidare drift

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av konsernet sine egedelar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat. Føresetnaden om vidare drift er til stades, og årsrekneskapen for 2023 er sett opp med denne føresetnaden.

Styreansvar

Både SUM og SumTrans har teikna styreansvarsforsikring i KLP på 2 mill. kr.

Arbeidsmiljøet

SUM har som målsetnad å ta vare på helsa til dei tilsette, både fysisk og psykososialt. Konsernet sine verksemder har avtale med bedriftshelseteneste. Bedriftshelsetenesta gjennomfører helsekontroll for SUM kvart 3. år, og i 2024 skal ny helsekontroll gjennomførast. Det samla sjukefråværet i konsernet



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

var på 8,4 % i 2023 mot 4,16 % i 2022. Det samla sjukefråværet i morselskapet var på 7,2 % i 2023 mot 2,3 % i 2022. Det høge sjukefråværet har samanheng med fleire langtidssjukemelde tilsette.

Styret og dagleg leiar i SUM har fokus på arbeidsmiljø. Det vart utført ei arbeidsmiljøkartlegging (MTM) for SUM i 2023. Resultata skal presenterast for styret og tilsette våren 2024. SUM arbeider med tiltaka som kom fram av undersøkinga saman med bedriftshelseteneste. I SumTrans vart det gjort ei arbeidsmiljøkartlegging (MTM) i desember 2022. Resultata frå kartlegginga vart presentert for styret og tilsette på nyåret i 2023. SUM vil arbeide vidare med tiltak basert på resultata frå begge kartleggingane. Det er i 2024 pågåande arbeid med å etablere aktivt verneombod og bli ISO-sertifisert. Det er etablert arbeidsmiljøutval.

Det har ikkje vore skader i 2023, verken personskader eller materielle skader.

Likestilling og aktivitetsplikt

Konsernet har ved utgangen av året 39 sysselsette årsverk. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt og aktivitetar. Prosjektet *Dunkmerking* har særleg kravd innleige av ressursar.

SUM har som mål å vere ein arbeidsstad der det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn. Av konsernet sine tilsette er 8 kvinner. I leiarstaben i morselskapet er 66% kvinner ved utgangen av 2023. I administrasjonen er kvinneandelen 38%. I styret i morselskapet er 2 av 5 styremedlem kvinner.

Konsernet har utarbeida etiske retningslinjer der ein tek avstand frå alle typar diskriminering. Ved nytilsetjing vert kvinner og menn handsama likt, der best kvalifiserte søkjar får tilbod om stillinga. Konsernet har som policy at arbeid av lik verdi skal gje lik lønn. Gjennomsnittsløn for kvinner og menn i heiltidsstillingar utgjer høvesvis kr 661 000 og kr 551 000 i 2023.

SUM samarbeider med NAV og attføringsverksemder, og gjev opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

Ytre miljø

Konsernet har verksemdar som gjev belastning på det ytre miljøet, og konsernet har difor høgt fokus på at drifta ikkje skal føre til unødig påverknad på det ytre miljøet. Konsernet har fokus på at avfallet som vert samla inn, vert handtert på best føremålstenleg måte, og at farleg avfall vert handtert forsvarleg. Alle produkt vert transportert med lastebilar som nyttar fossilt drivstoff og alle maskinelle anleggsmidlar nyttar også fossilt drivstoff. Bruken verkar belastande på det ytre miljøet. SUM arbeidar mot elektrifisering av maskinparken for å minimere påverknad på ytre miljø. Nye krav i nytt løyve frå Statsforvaltaren inneber tiltak som må setjast i verk.

Vi overvakar utslepp til vatn og luft etter fast regime, jf. krav i utsleppsløyvet. Det er venta nye utsleppsgrenser i nytt løyve frå Statsforvaltaren. Dette vil medføre endringar i drift og utbetring av anlegg.

Årleg vert det gjennomført ryddedagar på anlegga. Det er ikkje motteke naboklager i 2023.

Førde, 22. april 2024

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

Grim Erik Gillestad

Styreleiar

Marius Langballe Dalin

Nestleiar

Anne Mette Hjelle

Styremedlem

Alice Vie

Styremedlem

Rune Risnes

Styremedlem

Tore Dvergsdal

Dagleg leiar



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

RESULTATREKNESKAP - MOR/KONSERN

SUNNFJORD MILJØVERK IKS

2023	Morselskap 2022		Note	Konsern 2023	2022
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
88 052 629	77 680 772	Salsinntekt	1, 2	91 232 181	80 139 232
0	0	Anna driftsinntekt	1	154 272	325 966
88 052 629	77 680 772	Sum driftsinntekter		91 386 454	80 465 198
46 252 982	41 643 053	Varekostnad	2	20 693 148	30 191 289
17 790 020	14 444 779	Lønskostnad	3, 4	29 508 171	23 158 317
4 730 568	4 615 107	Avskrivning	5	11 406 905	10 160 832
17 856 251	17 541 868	Annan driftskostnad	2, 3, 9	27 986 246	16 081 207
86 629 821	78 244 807	Sum driftskostnader		89 594 468	79 591 646
1 422 808	-564 035	Driftsresultat		1 791 985	873 552
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
678 718	553 386	Inntekt frå investering i dotterselskap		0	0
211 756	78 863	Anna renteinntekt	6	223 620	81 732
5 408	4 000	Anna finansinntekt	6	21 356	11 665
1 752	22 274	Annan rentekostnad	6	1 070 034	547 553
894 130	613 975	Resultat av finanspostar		-825 058	-454 156
2 316 938	49 940	Ordinært resultat før skattekostnad		966 927	419 396
26 600	0	Skattekostnad på ordinært resultat	7	-59 428	77 846
2 290 338	49 940	Ordinært resultat		1 026 355	341 550
2 290 338	49 940	Årsresultat		1 026 355	341 550
0	0	Minoriteten sin del	8	0	146 182
2 290 338	49 940	Majoritetens sin del	8	1 026 355	195 368
OVERFØRING					
2 290 338	49 940	Avsett til annan egenkapital	8	2 290 338	195 368
0	0	Overføring frå annan eigekapital		1 263 983	0
2 290 338	49 940	Sum disponert		1 026 355	195 368



BALANSE - MOR/KONERN

SUNNFJORD MILJØVERK IKS

2023	Morselskap 2022		Note	Konsern 2023	2022
EIGEDELAR					
ANLEGGSMIDDEL					
IMMATERIELLE EIGEDELAR					
5 226 445	5 253 045	Utsett skattefordel	7	5 215 887	5 253 045
5 226 445	5 253 045	Sum immaterielle egedelar		5 215 887	5 253 045
VARIGE DRIFTSMIDDEL					
18 142 106	21 655 399	Tomter, bygninger og annan fast egedom	5	18 142 106	21 655 399
0	0	Transportmidlar og utstyr	5, 9	13 089 085	17 148 535
6 952 997	7 276 066	Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormø	5	7 882 980	8 375 179
25 095 103	28 931 465	Sum varige driftsmiddel		39 114 170	47 179 113
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL					
2 805 000	555 000	Investeringar i dotterselskap	10	0	0
6 118 142	6 118 084	Investeringar i aksjar og partar	11	6 118 142	6 118 084
0	0	Andre langsiktige krav	9	7 632	3 986
0	0	Pensjonsmidlar	4	0	155 231
8 923 142	6 673 084	Sum finansielle anleggsmiddel		6 125 774	6 277 301
39 244 689	40 857 594	Sum anleggsmiddel		50 455 831	58 709 458
OMLØPSMIDDEL					
897 247	995 610	Varer	12	897 247	995 610
KRAV					
5 247 820	2 212 456	Kundekrav	9	11 056 941	3 809 256
753 421	2 474 890	Andre kortsiktige krav		1 683 803	5 895 928
9 199 960	16 049 749	Konsernfordringar	13	0	0
15 201 201	20 737 095	Sum krav		12 740 745	9 705 184
28 352 105	24 159 786	Bankinnskot, kontantar og liknande	14	36 221 947	40 207 508
44 450 554	45 892 491	Sum omløpsmiddel		49 859 939	50 908 302
83 695 243	86 750 085	Sum egedelar		100 315 770	109 617 760



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8678F42FD1F94FAEAB3A8BA1A614AEBE

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk

Bruk av estimer

Utarbeidinga av reknekap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Videre krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjøn. Område som i stor grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar, høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er omtala i notane.

Aksjar i dotterselskap

Dotterselskap er selskap der morselskapet har kontroll, og dermed bestemmande innflyting på einheta sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn halvparten av den stemmeberettiga kapitalen.

Følgjande selskap inngår i konsernet 31.12.:

<i>Mor- og dotterselskap</i>	<i>Eigardel</i>
Sunnfjord Miljøverk IKS (morselskap)	
Sum Næring AS	100 %
Sumtrans AS	100 %

Rekneskapsprinsipp for aksjar i dotterselskap

Kostmetoden brukast som prinsipp for investeringar i dotterselskap i selskapsrekneskapen. Kostprisen aukar når midlar blir tilført ved kapitalutviding, eller når det blir gjeve konsernbidrag til dotterselskap. Motteke utdelingar blir resultatført i utgangspunktet som inntekt. Utdelingar som overstig andel av opptent eigenkapital etter kjøpet først som reduksjon av anskaffingskost. Utbytte/konsernbidrag frå dotterselskap rekneskapsførast det same året som dotterselskapet set av beløpet. Utbytte frå andre selskap rekneskapsførast som finansinntekt når utbyttet er vedteke.

Konsolideringsprinsipp

Dotterselskap blir konsolidert frå det tidspunkt kontrollen er overført til konsernet (kjøpstidspunktet).

I konsernrekneskapen erstattast posten aksjar i dotterselskap med dotterselskapet sine eignelutar og gjeld. Konsernrekneskapen blir utarbeida som om konsernet var éi økonomisk eining. Transaksjonar, urealisert fortjeneste og mellomverande mellom selskapa i konsernet blir eliminert.

Kjøpte dotterselskap rekneskapsførast i konsernrekneskapen basert på morselskapet sin kostpris. Kostpris blir tilordna identifiserbare eignelutar og gjeld i dotterselskapet, som oppførast i konsernrekneskapen til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet.



Driftsinntekter

Driftsinntekter består av renovasjons- og slaminntekt som blir finansiert over det kommunale gebyret, inntekter frå næringsavfall, inntekter frå reinseanlegg, vidarefakturering av avfallsløysingar samt inntekter frå papir, glas- og metallemballasje, plast, batteri og metall. Driftsinntekter for morselskapet består i tillegg av administrasjonshonorar dotterselskap. Renovasjons- og slaminntekter blir inntektsført på grunnlag av bokført gebyrinsamling i kommunane. Næringsinntekter og inntekter frå reinseanlegg, vidarefakturering av avfallsløysingar samt inntekter frå papir, glas- og metallemballasje, plast, batteri og metall blir inntektsført på leveringstidspunktet

Tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Klassifisering av balansepostar

Eignelutar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Eignelutar som er tilknytt varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert nedskrivne lineært over forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld i norske kroner med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Kostpris

Kostpris for eignelutar omfattar kjøpesummen for eigneluten, med frådrag for bonus, rabattar og liknande, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlege avgifter som ikkje blir refundert og eventuelle andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utenlandsk valuta balanseførast eigneluten til kursen på transaksjonstidspunktet.

For varige driftsmiddel omfattar kostpris også direkte utgifter for å klargjere eigneluten for bruk, for eksempel utgifter til testing av eigneluten.

Varige driftsmidler

Varige driftsmiddel vert balanseført og vert avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år, og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelet sin kostpris og vert avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i forhold til driftsmiddelet sin stand ved kjøp av driftsmiddelet.

Andre langsiktige investeringar i andre selskap og i verdipapirfond

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre aksjer mv. Utdelinga rekneskapsførast i utgangspunktet som finansinntekt, når utdelinga er vedtatt. Viss utdelingane vesentleg overstig del av opptent eigenkapital etter kjøpet, førast det overskytande til reduksjon av kostprisen.

Nedskriving av anleggsmidlar

Ved indikasjon om at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall. Testen blir gjort for det lågaste nivå av anleggsmiddel som har sjølvstendige kontanttraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og bruksverdi (noverdi ved fortsatt bruk/eige), blir det gjort nedskriving til det høgaste av salsverdi og bruksverdi.



Tidligere nedskrivningar blir reversert viss føresetnadane for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av inntakskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane.

Gjeld

Gjeld, med unntak for enkelte avsetninga for forpliktingar, blir balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Pensjonar

Selskapet og konsernet har ei ytingsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetalingar til KLP.

Ytingsplanar

Ein ytingsplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotssplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerar ei pensjonsutbetaling som ein ansatt vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalingane er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplana er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus virkelig verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlegare periodar si pensjonsopptening. Pensjonsforpliktinga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringa blir amortisert over forventta gjenverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadane, i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor).

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt på næringsinntekt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunnjevne med antatt framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast er oppført netto i balansen.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall.

Skattereduksjon ved gitt konsernbidrag, og skatt på motteke konsernbidrag som blir ført som reduksjon av balanseført beløp på investering i dotterselskap, førast direkte mot skatt i balansen (mot betalbar skatt viss konsernbidraget har verknad på betalbar skatt, og mot utsatt skatt viss konsernbidraget har verknad på utsett skatt). Utsett skatt både i selskaps- og konsernrekneskapen rekneskapsførast til nominelt beløp.



